




Vossestrand Barne- og ungdomsskule

Vision - Ein god stad å vera, ein god stad å læra.



Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

Skuleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
Elevtal	110	152	135	96	-36,8%
Kapasitet	Normal: 170		Maks: 189		
Kapasitetsutnytting i prosent		89%	79%	56%	
Gjennomsnitt klassestorleik	11	15,2	13,5	9,6	
Gruppestørrelse 1. - 4. trinn (Norm 15)	?	13,86			
Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)	10,04	15,65			
Gruppestørrelse 8. – 10. trinn (Norm 20)	13,77	9,79			
Tal barn i SFO	28 (17 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtala i 2045 (i prosent)




Bemanning

Årsverk leiarressurs	200%
Årsverk lærarressurs	1 866%
Median alder, tilsette	49 (runda opp)
Kompetansebehov – Kva manglar me?	Kan få utfordring med musikk, k og h og språkfag på sikt.

Økonomi

Rekneskap 2023	18 453 053,-
Rekneskap 2024	19 335 080,-
Budsjett 2024	19 844 510,-
Budsjett 2024, utan SFO	19 077 814,-
Rekneskap 2024, utan SFO	18 847 985,-



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

Bygningsmasse

Byggjeår	1968, 2017	
Bruksareal	2480 m ²	
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna
		Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport fra Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Avstand til Vossevangen	19,3 km
Avstand til Skulestad skule	15,2 km
Avstand til Jordalen/Nåsen	Nåsen – Sundve 27 km. Nåsen - Vossevangen 46,4 km.
Tilhøve ved skulevegen	Utfordringar grunna skuleveg langs E16. Skuleåret 2024/2025 hadde 89% skuleskyss
Særlege tilhøve ved skulen	Praktisk læring på Vossestrand: <ul style="list-style-type: none">• Har spesialrom, skulekjøkken, sløydsal, k&h, bibliotek, naturfag- og musikkrom.




	<ul style="list-style-type: none">Uteområde er opparbeida med kunstgrasbane, ballbinge, skog, leikeplass, sandkasse, aktivitetspark, lekestove og volleyballnettGapahuk er under planlegging av FAU og det er tilgjengeleg gapahuk i turområdeSamarbeider med bygdekvinnelaget, verdsarvparken og skianlegget i Myrdalen
--	--

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Hauge- og Sundve FUS barnehage
Tilknyting til andre tenester	<ul style="list-style-type: none">Omsorgstunet og barnehagen (samarbeid om Valfag)Kulturskulen
Bustad og næring	Skulen ligg rett ved E16, med Sundve fus barnehage og jordbruksseigedommar som nærmeste nabo. Verdsarvparken, Stalheim museum, Myrdalen fjellandsby butikk og byggenæring i krinsen til skulen.

Kartutsnitt skulekrinsen





Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

Innspel frå elevrådet

Korleis hadde det vore for dykk å byrjar på Voss ungdomsskule, i standen for å halda fram på Vossestrand?

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"> • Få nye venner • Meir pengar totalt • Moglegheit for fleire fag, valfag • Kan gå på Vangen i friminutta • Lettare å byrja på vgs etterpå • Betre plass på barneskulen på Vossestrand 	<ul style="list-style-type: none"> • Mykje lenger skuleveg negativ for miljøet og det går ut over lekser og fritid • Må stå opp tidlegare for å rekke bussen • Høyrer negative ting om ungdomsskulen frå elevar som går der, bla. därlege karakterar for store klassar og for lite oppfølging • Utanforskap, fordi me kjem utanfrå • Miste kontakt med gamle klassekameratar fordi ein vert spreidd på ulike klassar • Folk frå bygda vert tvinga til sentrum, i for ung alder • Me vil behalda skulen vår, då hadde blitt tomme klasserom på Vossestrand • Me mistar læraren vår • Skjer fleire därlege ting på Vangen enn her

Korleis hadde de vore for dykk om elevane frå Skulestad byrja på Ungdomsskulen på Vossestrand?

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"> • Tar vare på befolkninga på bygda • Får nye medelevar og vennar. Kan vere positivt for dei med mindre vennegrupper • Skulen vert meir brukt • Vert eit større ungdomsmiljø på Vossestrand 	<ul style="list-style-type: none"> • Splittar samfunnet vårt • Elevane frå skulestad får lenger reiseveg. Dette er därleg for miljøet og for elevane si fritid • Går utover elevane si mentale helse • Mobbing • Får mindre hjelp frå lærar, grunna for få lærarar • Plassmangel • Negative haldningar

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med



- Godt fleksible og utdanna tilsette, med variert kompetanse for 1. – 10. trinn. Kompetansen vert brukt på tvers av heile skulen.
- Fulldeling av alle klassar
- Trygge overgangar, mellom barnehage - skule og mellom barneskule - ungdomsskule.
- Gode klassestorleikar som gjev lærar høve til å danne gode relasjonar og støtte den enkelte
- Nærheit til skulen for elevane
- Skulen er oversiktleg og legg godt til rette for gode sosiale relasjonar. Elevane leikar saman på tvers av dei ulike trinna.
- Foreldre som kjenner kvarandre.
- Godt bygg som er tilrettelagt for praktisk undervisning. Gode uteområde med fotballbane i tilknyting til skulen
- Godt samarbeid mellom skulen og nærmiljøet
- Gode arbeidsplassar til alle tilsette
- Gode og lyse klasserom

Forbetningsområde

- Fleire valfag, språk
- Det er ikkje nok grupperom på skulen
- Tryggare skuleveg, både for barn som går til – frå skulen og på- og avstigingsplassar for elevar som tar buss eller taxi

FAU om skulekvardagen til elevane

- At elevane trivs på skulen
- At elevane vert sett og hørt, er trygge og har gode relasjonar til dei vaksne på skulen
- At det er eit trygt og stabilt personale, som set grenser, har god struktur og tydleg klasseleiing
- At skulemiljø er oversiktleg for føreseieleg

FAU om skulen si rolle i nærområdet

- Skulen er viktig for halda bygda levande og er eit samlingspunkt også på fritida
- Å ha ein nærskule lettar logistikken i kvardagen
- Å bli kjent med andre i foreldregruppa inkluderer tilflyttarar i bygda
- Å kjenna dei tilsette på skulen gjer det lett å ta kontakt og skapar tryggleik i kvardagen
- Idrettslag og andre organisasjonar som nyttar skulen, som gjer at ein har tilbod om sport og aktivitetar for barna

FAU om ulemper og fordelar ved strukturendringar

Fordelar	Ulemper
Styrka ungdomstrinnet på Vossestrand	Byrja på ungdomsskule på Vangen



<ul style="list-style-type: none">• Kan vera positivt å opna for at elevar frå andre krinsar kan gå på Vossestrand• Større klassar kan gje betre læringsmiljø• Fylla opp klassane <p>Byrja på ungdomsskule på Vangen</p> <ul style="list-style-type: none">• Eit større elevmiljø kan vera positivt, og gje elevane auka moglegheit for å «finna plassen sin»• Meir fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none">• Som forelder er ein langt vekke dersom det skjer nok med barnet• Nedlegging av ungdomstrinnet på Vossestrand vil få negative konsekvensar for både elevar og familiarar• Elevar kan få lengre skuledag noko som kan gå ut over fritida• Nokre elevar får svært lang reiseveg• Fleire freistinar på Vangen• Ungdommane si tilknyting til Strondé forsvinn
---	---

FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast bodskap

FAU på Vossestrand er uroa for at ungdomstrinnet på skulen forsvinn og kva konsekvensar dette får for elevane, familiene og bygda. At dette «berre» vert det fyrste kuttet, og at småskulen også forsvinn. Dei uroa seg også for at ungdommane skal «henge» meir på Vangen. At ungdommane vert trekt mot idrettslag og aktivitetar på Vangen, og at dette gjev dårligare vilkår for dei aktivitetane og laga som eksisterer på Vossestrand i dag.